

Bjørn Helge Olsen – VO og TV Teknisk drift
Anita Kommedal – VO Vestlia
Wenke Tolleshaug – Tillitsvald Vestlia

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato: 14.11.2022

Køyring AUFERA

Syner til Dykkar innspel som vart orientert og handsama i AMU 27.10.2022.

Saka kom seint og var ikkje sett som eiga sak i AMU. HVO og HTV sende saka og saka vart løfta fram og drøfta i møtet.

Det vart gjort følgjande vedtak i AMU:

Arbeidsmiljøutvalet gjekk igjennom brev som var kome inn om køyring til Aufera.
Kommunedirektøren skal ta saka opp politisk, då det er eit politisk vedtak på at tilsette skal køyre til Aufera.

Handsaming i AMU:

Utvalet tok orienteringane til vitande.

Ein har stor forståing for at køyringa kan opplevast krevjande og belastande slik de skriv i innspelet dykkar. Alle tilsette er tilsett i Austrheim kommune og arbeidsoppgåver kan variere ut frå behov, politiske vedtak og oppgåver som skal løysast.

Kommunestyret gjorde i 2019 vedtak om at kommunen skulle framleis ha køyring til AUFERA. Rådmannen hadde den gong lagt inn framlegg om at køyringa skulle avviklast i samband med budsjettprosessen. Kommunestyret gjorde i KS 086/19 vedtak om at denne skulle vidareførast og koma med eiga sak. «*20. Skyss Aufera. Rådmannen får i oppdrag, i samarbeid med brukarane og Aufera, å organisere eit tilfredsstillande skysstilbod til våre arbeidstakrar på Aufera. I tillegg ber ein om ei vurdering av det generelle transportbehovet i kommunen*».

Køyringa har vore organisert slik den er i dag etter vedtaket. Kommunedirektøren meiner at dette ikkje er tilfredsstillande ordning og vil koma med eiga sak om dette til politisk handsaming, slik som det blei etterspurd i 2019.

Den gong fekk rådmannen i oppdrag å organisere eit tilfredsstillande skysstilbod



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

til arbeidstakarane på Aufera. Det har sidan vore organisert slik det er i dag.

Kommunedirektøren vil gå gjennom det generelle transportbehovet i kommunen og koma med eiga sak i første møte i kommunestyret i 2023.

Ordninga slik den er i dag vert førebels ikkje endra, men kommunedirektøren legg opp til at den vil verte endra og tufta på behov gjennom vedtak for den einskilde brukar, meir enn eit generelt vedtak.

Innspela frå dykk vil vere med i dette arbeidet og kommunedirektøren ber kommunalsjefen involvere dykk i arbeidet med framlegg til løysing.

Beste helsing

Bjørnar Fjellhaug

Bjørnar Fjellhaug
kommunedirektør

Kopi:

Anette Kaland – HTV Fagforbundet
Linda Søreide – HVO
Kommunalsjef helse- og velferd
Einingsleiar arbeid- og inkludering
AMU



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407